



*"Valestiftninga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag
ta vare på, forvalta og utvikla
natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins,
til allmennyttige føremål,
til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."*

Årsmelding 2010

Valestiftninga

Styret har det siste året vore samansett slik:

Even Heimstad, vara Ingrid Helland	
Synnøve Handeland, vara Karin Harsvik	<i>På valg</i>
Kristian Bringedal, vara Sissel Årseth	<i>2014</i>
Jarle Mehammer, vara Jorunn Avsnes	
Reidar Handeland, vara Rune Thorkildsen	
Sven Løkeland, vara Arnt Idar Teigen	<i>På valg</i>
Ove Tvedt, vara Jon Inge Brendeland	<i>2012</i>
Arnfinn Mølster, vara Kari Grete Sande	

Intern arbeidsfordeling 2010

Leiar: Reidar Handeland

Kasserar: Jarle Mehammer

Skrivar: Sven Løkeland

Søknader: Sven Løkeland og Reidar Handeland

Lov & rett: Synnøve Handeland

PR/Internett: Reidar Handeland

Ansvar/Arb.utval:

Kaien: Arnfinn Mølster, Even Heimstad, Rune Thorkildsen

Buo: Reidar Handeland, Sven Løkeland

Postvegen: Ove Tvedt, Arnt Idar Teigen, Jarle Mehammer

Turveaar/Stiar: : Sven Løkeland

Møter og hendingar 2010:

- Styremøte 02.03.2010
- Kulturfestivalen 2010
- Besøk av Mathilde, 15.03.2010. "Kystkvinnas og folkemusikken". Konsert og biletspel. Ope hus på Buo_og kring 40 gjester på ein mandagskveld.
- Årsmøte Valestiftninga 23.03.2010
- Styremøte 14.09.2010
- Vår-fest-i Valen. 2010 Valen sjukehus 100-årsjubileum 29.05.2010
- Møte med TERS og Fylket, Stiansen/Ekerhovd/ Lars Kallevik
- Kultur og drøsekveld på Buo 26.11.2010, underh.



"Valestiftninga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins, til allmennyttige føremål, til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."

Prosjekt og aktivitetar

- Kaien og Buo
- Sanitæranlegget på kaien
- Postvegen
- Turvegar, stiar og rastehytte på Valøya/"Brubyggjarane
- Kvinnherad Kystlag og "Fjordmannsnaustet"
- Sjukehussamlinga
- Kyrkjebåt
- Gamle Kraftstasjonen
- Galtens venner

Kaien og Buo

Det har i 2010 ikkje vore utført vidare arbeid på kaien. Arbeid som står att her er i hovudsak avslutning med skjørt på nordsida og lys på kaien.

Det har vore utført jevnt og godt dugnadsarbeid på Buo 2010. Bordkledning og maling utvendig. Inne er paneling i 1 etg på det neraste ferdig, men litt står att. Dette arbeidet må sjåast i samheng med løysing for kjøkenkrok og peis og omn/pipe som enno ikkje er avklara. Dette er prioriterte prosjekt som vi vonar kan bli utført i løpet av 2010. Første prioritet er å få gjort ferdig 1.etg til permanent bruk. Det er no klargjort for avløp og innlegging av vatn i Buo.

Sanitæranlegget på kaien

Toalettløysning med "allmenn utforming" for kaien og Bua har høg prioritet.

Bygget, som er teikna av Rolf Ask, vart prefabeikert på snikkerverkstaden og heist på plass tidleg haust. Fullfinansiering er søkt til Sparebankstiftninga. RTR-røyr har meldt at dei vil sponsa saniteranlegget med lagervarer.

Postvegen

Årsrapport for arbeidsutvalet POSTVEGEN 2010.

AUV har ikkje hatt møte i 2010: Ove Tvedt er Valestiftninga/ Valen krins sin representant i Interesselaget Postvegen. I 2010 har dei gjort ferdig det meste av "Postvegen" gjennom "Teigen sentrum" ca 400 m. Arbeidet er gjort innanfor den kostnadsramma som tilskotet frå Kvinnherad kommune gav. Det er lagt ned ca 200 dugnadstimar med traktor / maskin. Og ca 160 dugnadstimar av 17 personar. Valen og Handeland gard søkte om SMIL midlar til veg frå Handeland til Handeland og fekk innvilga kr 15 000. Kåre Helland er ny medlem i arbeidsutvalet.



*"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag
ta vare på, forvalta og utvikla
natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins,
til allmennyttige føremål,
til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."*

Turvegar, stiar og rastehytte på Valøya/"Brubbyggjarane".

Lavvoen ved fyrstikkfabrikken vart ferdig på vårparten 2010. Bruprosjektet nedstraums den gamle kraftstasjonen vart og fullført. Tilrettelegging i samband med 100-års jubileet for Valen sjukehus har på mange måtar vore drivkrafta for desse prosjekta. Rastehytta på Valøya er eit flott prosjekt som er viktig med omsyn til bruk av nærområdet. "Brubbyggjarane" har gjort eineståande arbeid for å tilretteleggja Valøya som turmål. Dei har rydda skog og gjort Valøya meir tilgjengeleg for allmen bruk.

Valestiftinga.no

Heimesida til Valestiftinga har hatt kring 10000 besøk sidan oppstarten i april 2005. I 2010 vart det registrert nærare 1500 nye besøk. Kommunikasjon om stiftinga og "Galtens venner" vert no i større grad gjort via sosiale medier som til dømes Facebook.

Kvinnherad Kystlag og "Fjordmannsnaustet".

Kvinnherad kystlag har i 2010 arbeidd trufast med "Fjordmannsnaustet" på tomta ved Nya Sago. "Fjordmann" kom til Valen på seinsommaren og har no fått vinterlegje her. Ei flott tilførsle av kystkultur til Valebygda. Me vonar at samarbeidet med kystlaget vil vera med å gjera Valen og Valevågen til ein attraktiv plass for dei som har syn for å føra denne kulturarven med kystkultur vidare. Mangfaldet av aktivitetar med omsyn til historie i området vil vera med å underbyggja dette.

Sjukehussamlinga

100-års jubileumet for Valen sjukehus har krevd mykje arbeid i 2010. Valestiftinga har som ein samarbeidspartnar i jubileumsgruppa for Valen sjukehus hatt ansvar for å etablere ei sjukehussamling av gjenstandar, arkiv og fotomateriale til eit "Sjukehusmuseum". Arbeidsgruppa har bestått av Anna Otterå, Arild Skoglund, Astrid Brendeland, Laila Irene Remme, Tjerand Lunde, Jarle Mehammer, Sven Løkeland og Reidar Handeland. I tillegg har det vore fleire aktivt med for å etablere "museet". Sunnhordland Museum og Fylkeskonservator har og bidrege kvar på sitt plan. Høgdepunktet var ved opninga 29. mai. Det har seinare vore lagt ned mykje arbeid i omvisning og guiding. Det er enno ikkje avklart kven som skal stå som "eigar" av museet. Intil vidare vil Valestiftinga stå som eigar av prosjektet. Økonomiske bidragsytarar har vore Helse Fonna og Hordaland Fylkeskommune.



*"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag
ta vare på, forvalta og utvikla
natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins,
til allmennyttige føremål,
til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."*

Kyrkjebåten

Den gamle Kyrkjebåten på Valen forsvant då Gamlasago brann ned til grunnen i 1988. For å ta vare på dei gamle tradisjonane har Valestiftinga fått overta ein over 120 år gammal 6-æring, Hardangerbåt, som har gått som kyrkjebåt lenger inne i fjorden. Eit flott prosjekt som me har ambisjonar å få i kyrkjefart. Me har von om å få til eit samarbeid med sjukehuset å få båten restaurert og tatt i bruk.

Gml. kraftstasjonen

Eigen årsmelding for 2010 er sendt til Hordaland Fylkeskommune. Sjå vedlegg.

Galtens venner

Galtens venner har som føremål å ivareta gamle kulturminner og tradisjonar i Valebygda og er Valestiftinga sin medlemsorganisasjon. Leiar vert valgt av styret i stiftinga. Årleg medlemsbevis i form av "Aksjebrev" vart i 2010 seld i eit antal av 35.

Økonomi

Årsrekneskap 2010, sjå vedlegg.

Me takkar for all støtte i året som gjekk !

Styret

01.04.2011